

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 9/2017, 15.09.2017

- Kunnskap for framtida.

www.hivolda.no

Offisiell opning av forskingsdagane fredag 21. september

Fredag 21. september er den offisielle opninga av Forskingsdagane ved Høgskulen i Volda. Vi har heile 28 arrangement – fleire enn nokon gong tidlegare. Les programmet på www.hivolda.no/forskingsdagane og følg [Forskingsdagane i Volda på Facebook](#), for oversyn og oppdateringar.

Bokhandelen auka salet med 30 prosent

Studentbokandelen Akademika sin filial på Høgskulen i Volda har auka boksalet med 30 prosent samanlikna med i fjor. Tala gjeld for august 2016 og 2017. Bokhandelen meiner den viktigaste grunnen til auka boksal er at pensumlistene var klare langt tidlegare enn før, og dermed har pensumbøkene vore på plass i hyllene i god tid. Tidlege pensumlister har også gjort at bokhandelen har tilbode langt fleire bokpakkar og dermed har studentane fått lågare pris på bøkene. Det er også litt fleire studentar ved Høgskulen i Volda samanlikna med i fjor.

Styremøte 21. september

Høgskulestyret har sitt første møte i haust torsdag 21. september frå kl 11.00. Møtet blir halde på Kaarstad 104 og er ope for alle. Vi tek også sikte på å strøyme møtet på video. Her er styrepapira for møtet:

<http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/styre-og-leiing/hogskulestyret/saksdokument>

Styremøtet: Aukande avsetningar på Høgskulen i Volda

Dei siste åra har avsetningane på Høgskulen i Volda auka kraftig. I 2013 hadde Høgskulen avsetningar på ca 28 mill, men i 2016 har avsetningane kome opp i nesten 58 millionar og utgjer ca 18 prosent av løyvingane til høgskulen. I 2017 ser det så langt ut til at avsetningane flatar ut. Økonomidirektør Ingunn Welle skriv til styret at avsetningar under 15 prosent truleg ikkje vert rekna som for mykje. Høgast avsetningar i sektoren har Idrettshøgskulen med ca 92 millionar kroner og 37,5 prosent av løyvinga. På Høgskulen i Volda er det to institutt på AHL og på ASH som har størst avsetningar, kvar på ca 10 mill. Tre av dei fire avdelingane har positive avsetningar.

Styremøtet: Detaljert rapport om opptaket hausten 2017

Høgskulestyret har fått ein detaljert rapport om opptaket i 2017. Det endelege talet på studentar blir truleg klart til styremøtet 21. september. Opptaksansvarleg har fleire framlegg til tydelegare namngjeving og dermed marknadsføring av studia. Dette og andre spørsmål vil høgskulestyret vurdere blant anna i samband med gjennomgangen av studieporteføljene seinare i år.

Styremøtet: Nynorsksenteret til AHL

Etter forhandlingar med dei tilsettes organisasjonar er det semje om at Nynorsksenteret bør blir lagt til AHL. Leiinga meiner det same. Forhandlingane held fram når det gjeld andre spørsmål og endeleg avgjerd vert teken på styremøtet i oktober.

Styremøtet: Diskusjon av strategi og sjølvstende

Høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen har foreslått eit opplegg for diskusjon av strategi og sjølvstende som eit ledd i planlegginga av styreseminaret 26. oktober. Direktøren har teke utgangspunkt i førre styremøte der det vart klart at korkje Høgskolen i Molde eller Universitetet i Bergen var interesserte i fusjonsdiskusjonar no, og har difor lagt eit opplegg for diskusjon omkring korleis Høgskulen skal utvikle seg som sjølvstendig høgskule i tråd med strategiplanen som vart vedtatt i januar 2017.

Jacobsen foreslår vidare at i 2019 kan det vere på tide å ta ein sjekk på korleis høgskulen klarer seg som sjølvstendig høgskule.

FoU-høyring: Internasjonalisering, forskingsgrupper og forskingsinntekter (BOA)

FoU-koordinator Ola Teige har på vegne av rektor invitert til ei brei høyring om korleis Høgskulen i Volda skal bli betre på internasjonalisering, forskingsgrupper og få auka forskingsinntekter. Dette er både viktige spørsmål i strategiplanen til høgskulen, men det har også kome nye evalueringar av høgskulen som konkretiserer utfordringane høgskulen står overfor. Tidlegare har også Forskingsutvalet drøfta desse spørsmåla og resultat for høyringa vil bli lagt fram for Forskingsutvalet og høgskulestyret. Høyringsbrevet og bakgrunnsdokument ligg på denne sida (krev innlogging): <http://www.hivolda.no/innsida/fellesadministrasjonen/forskning-og-utvikling/horing-om-fou>

Forskningsgruppe for nynorsk skriftkultur

Stig Helset og professor II Endre Brunstad har teke initiativ til å opprette ei forskingsgruppe i nynorsk skriftkultur. Grappa heldt skipingsmøte på Høgskulen i Volda 13. september. På møtet deltok representantar for fleire institusjonar innanfor UH-Nett Vest. - Forskargruppa skal ha ein inviterande profil, vere open for kontakt med nærskylde tiltak, ha eit særleg auge for tverrfaglege tilnæringsmåtar og ha ansvaret for ein skriftserie med Fri tilgang på nivå 1, skreiv Helset i invitasjonen til skipingsmøtet.

Nesten 200 deltakarar på tverrfagleg planleggingsseminar: Barn og mederknad

Studentar og fagfolk frå utdanningane i planlegging og administrasjon og frå barnehagelærerutdanning deltok 14. september i [seminar på Høgskulen med temaet "Barn og medverknad"](#). Studentane og lærarane deira samarbeider med kommunar og fylke om å planlegge for barn og unge - og i samspel med barn og unge. I tillegg til studentar og fagfolk frå Høgskulen i Volda deltok også planleggjarar og pedagogar frå fleire kommunar, fylket og andre.

Høgskulen har vorte kraftseljar

På dagar med mykje sol har solcelleanlegget på taket av Berte Kanutte-huset laga så mykje straum at høgskulen har selt straum. Over eit heilt år reknar Statsbygg med at solcelleanlegget produserer nok straum til å dekke forbruket i eit bustadhus i eitt år. Kraftproduksjonen dekker ca 10 prosent av straumforbruket i Berte Kanutte-huset. Du kan følgje med på kraftproduksjonen frå solcelleanlegget på denne nettsida: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

EVU (Etter- og vidareutdanning) på Facebook

Det er oppretta ei eiga side på Facebook for etter- og vidareutdanning ved Høgskulen i Volda. Denne vil fungere som eit supplement til den offisielle Facebook-sida, og det vil bli posta innlegg som har med etter- og vidareutdanningar å gjere; relevante artiklar både frå hivolda.no og andre kjelder, studietilbod, kurs og hendingar. Her kan ein også poste aktivitet frå samlingar, konferansar, seminar ol. Målgruppa er noverande og framtidige studentar og deltakarar på etter- og vidareutdanningar ved HVO. Det er Kontor for samfunnskontakt som er administrator av sida. www.facebook.com/vidareutdanning

Symfoniorkesteret 70 år

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda feirar i år 70 år, og det blir markert med ei markering 25. november. Symfoniorkesteret ved styreleiar Kristiane Runde inviterer til konsert i kyrkja og fest i Propellhallen etterpå.

Følg med på symfoniorkesteret på nettsidene deira: <http://www.orkesteret.no/>

Auke for Sunnmøre Kammermusikkfestival

Kammermusikkfestivalen vart arrangert i tida 3.-9. september, og dagleg leiar Åshild Widerøe fortel om 30 prosent auke i publikumstalet sidan i fjor. <http://www.kammermusikkfestival.no/blog/gledeleg-publikumsvekst>

Peder Haug har vorte prodekan for forskning

Professor Peder Haug skal dei to neste åra vere prodekan for forskning ved Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning. Professor Haug skal blant anna arbeide med å få fleire til å forske, publisere og formidle og vil arbeide for å styrke forskingsgruppene på avdelinga slik at dei kan kome i betre posisjon til å få forskingsmidlar og drive meir og betre fagleg utvikling.

Steinnes med i ekspertgruppe

Førsteamanuensis Gerd Sylvi Steinnes ved Høgskulen i Volda er [peika ut av regjeringa til å sitte i ei ekspertgruppe som skal sjå nærmare på barnehagelæraren si rolle i barnehagen](#). Steinnes har i sitt doktorgradsprosjekt frå 2014 forska på barnehagelærarrolla og har også hatt fleire andre nasjonale oppdrag på dette området.

Bjørnerem om "Skam" og Volda i Khrono

STIV-leiar Håvard Bjørnerem har blitt intervjuet av nettavisa Khrono og formidlar entusiastisk om å vere student i Volda og spekulerer på om han har vore inspirasjon til ein av karakterane i NRK-serien "Skam". <https://khrono.no/campus/2017/08/hivolda>

Prestisjeoppdrag til Voldaprofessor

Professor Il [Oscar Westlund](#) ved Høgskulen i Volda har fått vervet som sjefredaktør for tidsskriftet [Digital Journalism](#). Westlund (38) har vore medlem av redaksjonsgruppa i tidsskriftet i fleire år og ser fram til å vidareutvikle eitt av verdas fremste tidsskrift på området digital journalistikk. <http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende?displayitem=5921&module=news>

"Bygdesus" musikkfestival på Rokken 14.-16. september

Den nye [musikkfestivalen Bygdesus](#) blir arrangert på Rokken 14.-16. september. Festivalen har som mål å gi publikum kul musikk frå gode artistar som enn så lenge er ukjende for dei fleste.

Animation Volda 14.-17. september

[Animasjonsfestivalen](#) går i år 14.-17 september med tre fullpakka dagar med arrangement i Volda sentrum og på Høgskulen i Volda. Her er program for festivalen:

Innlegg på rektorbloggen:

[Meir forskingsformidling. På norsk!](#)

HVO i media:

<http://www.hivolda.no/hivolda/nyhende/presseklipp>

HVO-kalenderen næraste vekene:

- 14.-16. sep. [Bygdesus](#)
- 21. sep. [Styremøte 5/2017](#)
- 21. sep. [Forskningsdagane 2017: "Verdiar"](#)
- 27. sep. [Karrieredagane 2017](#)
- 5. okt. [Kunnskap i Vekst](#)
- 26. okt. [Barnehagekonferansen i Møre og Romsdal, 2017](#)